



The Trip

Shorts sine utsende medarbeiderar opplever festivalutstillar Asmanda Stigell sitt verk «The Emotion Organ».

Tenk deg at du er 12 år. Du er på sommarferie i Grimstad. På loftet i huset til den avdøde grandonkelen kjem du over eit gammalt pumpeorgel. Spindelvev og støv virvlar i lufta i det du opnar loket. Forsiktig byrjar du å pumpe. I det tempoet aukar merkar du ei gigantisk vifte midt i mot deg som akselerer i takt med pumpinga. Første korden vert slått an. Ein kraftig dur. Farga lys som kastar seg mot deg. Ein spot kjem på vifta. Lyset på rotorane skapar mønster. Ei dyse seier «pfsst» og du kjenner ein kraftig lukt som stikk deg i nasen. Etter kvart som du skifter akkordar transformerer lukt, lyd, lys seg til stadig nye former. Det beste ferieminnnet du nokon gong kjem til å oppleve.

Var det heile ein draum? Nesten. Du var ikkje 12 år og det var ikkje sommarferie i Grimstad. I staden var du på kortfilmfestivalen og stakk innom kunstforeningen sin festivalutstilling. Resten var derimot nokså likt. Den finurlege orgelopplevinga kan altså bli ein av dei mest særmerkte minna dine frå årets festival. Orgelet til Amanda Steggell har fått ein svært fordelaktig plassering i det gamle huset kalla Stallen. Førsteintrykket av rommet og orgelet set deg hundre år tilbake. Hestemøkk, kniplingar og vadmelsbukser. Vifta er heilt tydeleg meir moderne, men likevel såpass lowtech at når det psykedeliske lyset kjem på får du raskt assosiasjonar til 60-talet. Dei

syntetiske odørane som sensorane gjev frå seg heller derimot mot 80-talets wonderbaum og toalettspray. Det heile gjev ei noko tidsmessig forvirring. Kanskje er krasjet mellom ulike tidsepokar og uttrykk meint som ein verfremdungeffekt eller som ein syntese av heile det førre århundret.

I følgje Steggell er det ikkje nødvendig med pianofingrar eller vidare musikalsk kompetanse for å spele på orgelet. Dette er for så vidt rett. Underteikna fekk svært mykje ut av å sitje bak tangentane og dure av gårde. Skal ein likevel få full effekt av vifta, lyset og odøren er det viktig at ein klarar å spele akkordar med tre fingrar. Datasystemet som ligg i bakgrunnen triggar først når ein slår ned akkordar. Fleire gonger mista underteikna kontakten med lyset på vifta fordi eg ønska å spele litt enklare tonar. Det er vel heller ikkje alle forunt å oppfatte at orgelet tek utgangspunkt i ein anna type skala enn den som er standard på eit piano. Uansett høyrest det nokså modernistisk plingplong ut. Interaktivitet er lenge vore i skotet når det gjeld instalasjonskunst. Den synestetiske simulakrummaskina til Steggell er absolutt blant dei meir vellukka.

PS: Ta deg gjerne ein kikk bak orgelet til slutt. Inntrykket frå lysa til alle datamaskinene som styrer det heile er kanskje vel så fascinerande og skapar ei tråd fram til vår eiga tid. Dermed er den sensoriske tidsreisea over.

Tekst: Egil Vadle

Bilete: Merete Haseth